



Jølster kommune
Førde kommune
Gloppen kommune
Gauldal kommune

Vår dato:

06.08.2019

Vår ref:

2019/15602

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Søknad om skjønnsmidlar til dekking av kommunale utgifter etter flaumen i fylket 30. juli

Vi viser til det alvorlege uværet som ramma kommunane i fylket tysdag 30. juli, som på tragisk vis førårsaka tap av liv i tillegg til store materielle skader.

For dei materielle skadane på kommunal infrastruktur har kommunane mogelegheit til å søke om skjønnsmidlar til dekking av ekstraordinære kommunale utgifter, på grunnlag av dokumenterte kostnadsoverslag.

Departementet legg til grunn at det som kan kompenserast gjennom skjønnsmidlane er:

- ekstraordinære utgifter knytt til handtering av den akutte krisesituasjonen og
- ekstraordinære utgifter knytt til reparasjonar av kommunal infrastruktur til opphavleg standard

Skjønnsmidlane kompenserer ikkje for:

- utgifter til førebyggjande tiltak
- utgifter knytt til standardheving på infrastrukturen
- utgifter som blir dekte gjennom forsikringar eller av andre etatar/tilskotsordningar eller eigenandeler knytt til desse ordningane

Meirverdiavgifta skal trekkjast ut av beregningsgrunnlaget, då denne blir kompensert i eiga ordning. Kommunane må sende kostnadsoverslag til Fylkesmannen som gjennomgår dokumentasjonen, og sender søknaden vidare til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Sidan eventuell kompensasjon vert utbetalt på grunnlag av eit anslag, må utgiftene i ettertid dokumenterast i form av kopi av faktura, timelister og liknande. Dersom utbetalte midlar ikkje vert nytta, må kommunen betale midlane tilbake til departementet.

Dersom kommunane har utgifter som i sum er høgare enn 250 kroner per innbyggjar, kan de få ein kompensasjon som dekkjer halvparten av utgiftene. Om utgiftene er høgare enn 500 kroner per innbyggjar, kan kommunen få dekka alle utgifter utover 250 kroner per innbyggjar.



Vi ber om at kommunane sender inn eventuelle søknader så fort de har anslaget over utgiftene klart. Frist for innsending av søknad til Fylkesmannen vert sett til: **13. september 2019.**

Dersom noko er uklart så ta kontakt med oss.

Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Marit Lunde
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent